



## Vest-Telemarkrådet

### INNKALLING TIL RÅDSMØTE

**Til:** Ordførarar og kommunedirektørar i Vest-Telemark  
**Dato:** Tysdag 12. november 2024  
**Kl.slett:** Kl. 12.00 - 18.00  
**Stad:** Karl Johan hotel, Oslo

---

Kviteseid, 5. november 2024

#### Rådsmøte tysdag 12. november 2024

Kl. 12.00 - 13.00 Lunsj  
Kl. 13.00 - 15.30 Rådsmøte  
Kl. 15.30 - 16.00 Pause  
Kl. 16.00 – 18.00 Møte med telemarksbenken

Venleg helsing Vest-Telemarkrådet

*Tarjei Draugedal, regionsleiar*

*Anne Aasmundtveit, dagleg leiar*

## SAKLISTE

Rådsmøte torsdag 12. november 2024

### **Sak 43/2024 Referatsaker**

- Referat førre møte
- Uttale til DPS Seljord vedk rekruttering av psykiater

### **Sak 44/2024 Orienteringar**

- *Rekruttering i kommunesektoren med fokus på helse.* Eli Sogn Iversen, prosjektleiar, Jobbvinner, KS, vil dele si prosjekterfaring og gi gode råd i samband med rekruttering. Les meir om prosjekt Jobbvinner på KS si side:  
<https://www.ks.no/fagomrader/arbeidsgiverpolitikk/jobbvinner/>
- Status *Bygdevekstavgift* ved Torunn Raftevoll Rue

### **Sak 45/2024 Framlegg til budsjett 2025**

### **Sak 46/2024 Framlegg til møtekalender 2025**

### **Sak 47/2024 Drøfting høyringsuttale til lovfesta plassering av tingrett og jordskifterett**

### **Sak 48/2024 Framlegg til sakliste Vest-Telemarktinget 10. desember 2024**

### **Sak 49/2024 Førebuing møte med stortingsbenken kl. 16.00 – 18.00**

### **Sak 50/2024 Eventuelt**

## **Referat frå møtet i Vest-Telemarkrådet 15. oktober 2024 kl. 10.00- 14.00 i Simuleringscenteret Vest-Telemark sine lokale i DPS i Seljord**

### **Til stades:**

Regionsleiar og ordførar i Kviteseid Tarjei Draugedal

Regionnestleiar og ordførar i Seljord Solveig Sundbø Abrahamsen

Ordførar i Vinje Jon Rikard Kleven

Ordførar i Nissedal Ian Parry-Jones

Kommunedirektør i Nissedal Sverre Sæter

Kommunedirektør i Seljord Beate Våge Lia

Kommunedirektør i Kviteseid Laila Thorsen

Politisk representant frå Telemark fylkeskommune Thorleif Vikre

Politisk representant frå Telemark fylkeskommune Martine Tinderholt Øverland

Dagleg leiar i VTR Anne Aasmundtveit

Utviklingsleiar i VTR Torunn Raftevold Rue

### **Forfall:**

Ordførar i Fyresdal Erik Skjervagen

Ordførar i Tokke Jarand Felland

Kommunedirektør i Fyresdal Ulf Pedersen

Kommunedirektør i Tokke Finn Arne Askje

Kommunedirektør i Vinje Jan Myrekrok

### **Sak 36/2024 Referatsaker**

- Referat førre møte
- Vedtak i Hovudutval for samferdsel i Telemark fylkeskommune om å løyve kr 2,8 mill til forprosjekt *MURA Mestring Ungdom Rus og Trafikk 2024*

**Vedtak:**        *Referatsaker vert tatt til orientering*

### **Sak 37/2024 Orienteringar**

#### **Simuleringscenteret**

Prosjektleiar Marianne Tråer orienterte om prosjekt Simuleringscenteret.

Simulering er ein metode for undervisning, læring og samhandling.

Simuleringsmetoder: ferdighetstrening, scenariotrening og bruk av VR-briller. Tokke kommune og Seljord kommune har gått til innkjøp av VR-briller.

## **Digital heimeoppfølging**

Orientering ved Hans Inge Hagen som er prosjektleiar.

DHO betyr at heile eller delar av eit behandlingstibodet går føre seg utan fysisk kontakt.

Målet med prosjektet er at DHO skal vera implementert i alle Vest-Telemarkkommunane i løpet av 2025.

## **Tillitsbygging og kompetanseheving for digitalisering av helse- og omsorgstenestene i små kommunar**

Orientering om eit samarbeidsprosjekt med USN og Hallinghelse ved Hans Inge Hagen.

## **DPS Seljord - mogleg rekrutteringsstrategi**

Orientering ved regionnestleiar Solveig Sundbø Abrahamsen, etterfølgd av drøfting.

- Dersom DPS vert lagt ned er dei ei sårbar gruppe som vil bli råka.
- I etterkant av møtet med sjukehusleiinga 27. august vert det nedsett ei arbeidsgruppe som vil kunne vera tett på arbeidet med å finne løysingar i eit krevjande rekrutteringssituasjon. Kan t.d. kr 100.000 i årleg bustadtilskot vera ei mogleg løysing?
- Frist for at ein psykiater må vera rekruttert er 10. desember 2024.
- Nordsjøturnus er ikkje aktuelt for denne type sjukehusstilling i følge sjukehusleiinga.
- Sjukehuset har no utlyst stillinga og den er publisert fleire stader.
- Sjukehuset kan legge inn ein turnus i stillinga slik at psykiatrane må ut i distrikta for å få distriktsstillingar belagt.
- Det vart stilt spørsmål om stillinga er lagt ut på sosiale media.
- Når det gjeld bustad til psykiater bør ein kanskje ha ein «stortingsbustad».
- Forslag om at det blir utarbeid ein liten rekrutteringsvideo for bruk på sosiale media.

## **Status bygdevekstavtale**

Statusoppdatering ved Torunn Raftevoll Rue.

Jon Rikard Kleven: Må ha ein plan for måling av resultat. Korleis ein måler effekten bør inn i handlingsplanen.

Solveig Sundbø Abrahamsen etterspurte ei tidslinje over kva som har skjedd for at kommunestyra skal få ei enkel oversikt over Bygdevekstavtale.

**Vedtak:**        *Administrasjonen utarbeidar ei tidslinje for arbeidet med Bygdevekstavtale.*

### **Sak 38/2024 Møte med stortingsbenken 12. november 2024**

Vest-Telemarkrådet drøfta tema og opplegg for møtet med benken.

Forslag i møtet er at dei foreslåtte tema statsbudsjett, flykningesituasjonen, beredsskap natur- og flaumskader vert lagt inn i presentasjonen til den enkelte kommune, etterfulgt av felles drøfting.

**Vedtak:** *I møtet med telemarksbenken 12. november2024 vert saklista slik:*

- 1) Utfordringar i den enkelte kommune i Vest-Telemark ved ordførarane.  
Statsbudsjett, flykningesituasjonen, beredsskap natur- og flaumskader vert lagt inn i presentasjonen til den enkelte kommune.*
- 2) Vest-Telemarkrådet ber om status på saker frå møtet 28. mai 2024*
- 3) Felles drøfting av statsbudsjett, flykningesituasjonen, beredskap natur- og flaumskader.*

### **Sak 39/2024 Landbruksprosjekt God agronomi i det grøne skiftet – hovudprosjekt**

**Vedtak:** *Vest-Telemarkrådet vedtek at det blir engasjert ein prosjektleiar i 60 % stilling i 2 år i landbruksprosjektet «God agronomi i det grøne skiftet».*

### **Sak 40/2024 Arendalsveka 2025**

Møtet drøfta ei eventuell deltaking på Arendalsveka 2025.

**Vedtak:** *Vest-Telemarkrådet ynskjer ikkje å prioritere ei felles deltaking og opplegg under Arendalsveka 2025*

### **Sak 41/2024 Framlegg til sakliste og opplegg for møtet i Vest-Telemarktinget 10. desember 2024**

**Vedtak:** *Vest-Telemarktinget 10. desember 2024 vert arrangert på teams*

### **Sak 42/2024 Eventuelt**

Beate Våge Lia fremma spørsmål om det var interesse for å bidra i ein film der barnevernet skal rekruttere fosterheimar.

Ordførarane var positive til oppmodinga frå leiaren i barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark.

**Vedtak:** *Solveig Sundbø Abrahamsen svarar ut på vegne av ordførarane*



## Vest-Telemarkrådet

Til Dagleg leiing og Styret ved Sjukehuset Telemark

### **DPS i Seljord – Sjukehuset må opne for overgangsløysing**

Vest-Telemarkrådet er særst uroa for tilbodet ved Seljord DPS. Det er rekruttert ein psykiater og ein treng ytterlegare ein psykiater. Sjukehuset i Telemark har varsla at dersom vedkomande ikkje er på plass innan 23. desember vil avdelinga i Seljord bli lagt ned.

Vest-Telemarkrådet ber om at Sjukehuset ser etter konstruktive løysingar i ein overgangsperiode på om lag 2 år. Vi tenkjer oss ei turnusløysing kanskje med inspirasjon frå Nordsjøturnus. Etter to års tid må ein legge til grunn at ein har rekruttert ein fast psykiater til.

Vest-Telemarkrådet opplever at Sjukehuset ikkje ynskjer noko slik overgangsløysing. Det er spilt inn konkrete framlegg til Sjukehuset som har blitt avvist. Sjukehuset har heller ikkje kome opp med noko justerte alternativ. Prosessen blir difor ein styrt tydeleg i retning av nedlegging.

Gjennom mange år har ein bygd opp eit stabilt og kvalitativt godt tilbod i Seljord. Her er det kompetent arbeidskraft som utgjer 21 årsverk. Det er eit viktig psykisk helsetilbod for innbyggjarane i Vest- Telemark, men også for personar i heile øvre Telemark.

Nedlegging av DPS i Seljord vil innebere ein ytterlegare nedbygging av psykiatritilbodet i Noreg.

Det er stikk i strid med Regjeringa si uttalte satsing på psykiatri.

Vi vil difor sterkt oppmode Sjukehuset i Telemark å finne fleksible løysingar for å rekruttere ytterlegare ein psykiater.

*Kviteseid, 4. november 2024*

Med helsing  
Vest-Telemarkrådet

Tarjei Draugedal  
Regionsleiar og ordførar  
i Kviteseid

Solveig S. Abrahamsen  
Regionnesteleiar og  
ordførar i Seljord

Erik Skjervagen  
Ordførar i Fyresdal

Jarand Felland  
Ordførar i Tokke

Jon Rikard kleven  
Ordførar i Vinje

Ian Parry-Jones  
Ordførar i Nissedal

Kopi: TA, Varden, VTB, NRK Telemark og stortingsrepresentantar for Telemark

**Sak 45/2024      Framlegg til budsjett 2025**

I tråd med etablerte økonomirutinar blir sak med framlegg til budsjett for komande år no lagt fram for Vest-Telemarkrådet med endeleg vedtak i Vest-Telemarktinget 10. desember 2024.

Budsjettoppsett kjem i sin heilskap i tal slik som det ligg ved saka.

**Inntekter**

Driftsbudsjettet har ei delt finansiering mellom kommunane i Vest-Telemark og Telemark Utviklingsfond (TUF), der kvar part finansierer 50%.

Driftsbudsjettet aukast i tråd med TUF sine justeringar, som igjen regulerast etter konsumprisindeksen. TUF sitt bidrag for 2025 er kr 2 824 239.

**Tabell 1 Kommunane sine bidrag er:**

Kommune	Fast fordeling	Prosentvis fordeling	Andel per kommune 2025
Fyresdal	235 353	124 666	360 019
Nissedal	235 353	146 006	381 359
Kviteseid	235 353	243 972	479 325
Seljord	235 353	295 685	531 038
Tokke	235 353	219 555	454 908
Vinje	235 353	382 236	617 589
<b>Vest- Telemark</b>	<b>1 412 120</b>	<b>1 412 120</b>	<b>2 824 239</b>

**Tabell 2 Totalt er budsjettet til Vest-Telemarkrådet for 2025 på kr 10 290 000.**

Inntekter	Budsjett 2025
TUF	2 825 000
Kommunane	2 825 000
Mva komp	575 000
Deltakaravg Vest-Telemarkkonferansen	120 000
Renter	230 000
Bruk av disposisjonsfondet	1 685 000
Bruk av bundne fond	580 000
Skjønnsmidlar-stat	600 000
Fjellandbruksmidlar-stat	150 000
Regionale tilretteleggingsmidlar i landbruket Tfk	200 000
Klimasats	500 000
<b>Totalt</b>	<b>10 290 000</b>

## Bygdevekstavgift

Søknad om Bygdevekstavgift vert sendt KDD 29. november 2024. I statsbudsjettet 2025 ligg det inne kr 22 mill til Bygdevekstavgift for Vest-Telemark. Statsbudsjettet vert vedteke i desember. I vedlagte budsjett er det ikkje lagt inn inntekter eller utgifter til tiltak i Bygdevekstavgift då det er fleire aspekt som må avklarast. Det vil bli sak om dette når avgift med KDD er signert.

Tabellen under viser løyvinga slik den er per dags dato for pilot Vest-Telemark:

Vest-Telemark						(i mill. kr)
Bevilgning	2024	2025	2026	2027	2028	Totalt
Fase 1	2					
Fase 2		4				
		18	1	19	1	
<b>Totalt</b>	<b>2</b>	<b>22</b>	<b>1</b>	<b>19</b>	<b>1</b>	<b>45</b>

Fase 1, førebuaende fase går ut 2024, og fase 2, sjølv gjennomføring av avgift skjer 2025-2028.

Rosa markert felt er kjent løyving, grønt felt utgjer forslaget til budsjett for 2025 og skal vedtakast i desember.

Blått er framtidig plan for finansiering, men er betinga av årlege budsjettvedtak.

Ei evt. anna regjering vil kunne prioritere annleis i sitt framlegg til budsjettvedtak.

*Kjelde: KDD*

## Skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren

Som kjent må Vest-Telemarkrådet søke prosjektskjønnsmidlar på lik linje som resten av fylket. I 2024 fekk rådet totalt kr 600 000 i prosjektskjønnsmidlar og året før der kr 800 000. Det har vore ein tydeleg nedgang i midlar dei seinare åra.

For 2025 er det kun budsjettet med kr 600 000 i skjønnsmidlar til det 3-årige småbruks- og berekraftsprosjektet, men ein vil sjølv søke midlar til andre prosjekt. Søknadsfristen er 1. mars 2025, slik at ein har ikkje full ut oversikt over kva for prioriterte område ein skal søke prosjektskjønnsmidlar til.

## Mva kompensasjon

Den totale mva-kompensasjonen er budsjettet til å vera kr 575 000.

## 1100 Administrasjon

Her ligg lønskostnader og driftsutgifter til dagleg leiar og utviklingsleiar, samt utgifter til drift av Vest-Telemarkrådet sine administrative og politiske aktivitetar og møteverksemd.

Det er tatt høgde for nye heimesider og oppkopling mot Elements.



### **1101 Digitalisering og velferdsteknologi**

Under ansvar 1101 ligg drift av løn til digitaliseringsleiar og utgifter til moglege tiltak som skal gjennomførast i 2025. Utgifter i samband med møteverksemd i ulike forum som t.d. digitaliseringsutval, webforum, arkivforum, personvernforum ligg og her.

### **1108 Vest-Telemarkkonferansen og yrkesmessa på Dalen**

Vest-Telemarkrådet har i mange år hatt ansvaret for å arrangere den årlege Vest-Telemarkkonferansen. Det er lagt inn ei auke i Vest-Telemarkrådet sitt bidrag med kr 50 000 frå 150 000 kr til 200 000 i 2025, jf rådssak 34/2024 av 27. august 2024.

I budsjettet er det foreslått at Vest-Telemarkrådet støttar yrkesmessa på Vest-Telemark vgs på Dalen med kr 50 000.

### **1111 Til rådmennenes disposisjon**

Kr 100.000 skal gå til møteverksemd og mindre aktivitetar og tiltak.

### **1112 Start Opp (Etablerarkontoret)**

Det er gjort avtale med Telemark Næringshage (TNH) om drift av etablerarkontoret for 2021, 2022 og 2023 med opsjon 1+1 år, der den årlege ramma er på kr 390 000. Av desse er kr 300 000 eit fast beløp til rettleiing til potensielle etablerarar og kontaktpunkt med næringssejefane. Kr. 90 000 er til ekstra timar etter avtale med næringssejefane. Det er gjort avtale med TNH om å utløyse opsjonen. Tenesta må bli lagt ut på anbod i 2025 for 2026-2028 med opsjon 1+1 år.

### **1128 Fellestiltak næring**

Kr 100.000 kr skal gå til møteverksemd og mindre aktivitetar og tiltak.

### **1136 Felles klimaplan for Vest-Telemark**

Handlingsdelen i klimaplanen inneheld mange tiltak som Vest-Telemarkrådet samarbeider med kommunane om å få gjennomført. Ein del av tiltaka gjeld kompetanseheving av innbyggjarane og kommunal forvaltning, og miljøfyrtårnsertifisering av kommuneadministrasjonane.

### **1140 Felles reiselivsstrategi Fase 3**

Vest-Telemarkrådet vedtok i sak 32/2024 Organisering og finansiering av fase 3 – Frå ord til handling – felles handlingsplan for Vest-Telemark følgjande:

*Finansiering av fase 3:*

*Mindreforbruket på ansvar 1100 i justert budsjett 2024 på kr 520 000 vert omdisponert til reiselivsprosjekt fase 3.*

*Kr 535 000 vert å ta i frå disposisjonsfondet til reiselivsprosjekt fase 3.*

I vedlagte budsjett er kostnader og inntekter for 2025 lagt inn. For 2025 er det budsjettet med å nytte kr 405 000 av dei løyvde midlar.

### 1142 God agronomi i det grønne skiftet

Forprosjektet *God agronomi i det grønne skiftet* går i 2025 og 2026 over til eit hovudprosjekt. Hovudprosjektet er nedskalert fordi vi fekk mindre tilskott enn vi søkte om.

Vest-Telemarkrådet vedtok i sak 39/2024 følgande:

*Vest-Telemarkrådet vedtek at det blir engasjert ein prosjektleiar i 60 % stilling i 2 år i landbruksprosjektet God agronomi i det grønne skiftet.*

### 1143 3-årig småbruks- og berekraftsprosjekt

Vest-Telemarkrådet fatta følgjande vedtak i møtet av 17. oktober 2023:

*Vest-Telemarkrådet støttar forslag til løysing der eit 3-årig småbruks- og berekraftsprosjekt vert innarbeidd i budsjett 2024 for Vest-Telemarkrådet. Prosjektoppstart var 1. august 2024.*

For 2025 er det lagt inn ei 100% stilling med heilårsverknad.

**Tabell 3 Oversikt over fond**

	Pr 31.12.2024	Pr 31.12.25
Fellesfondet	3 250 000	3 250 000
Tiltak IKT-strategi Vest Telemark	238 745	238 745
ByR i Vest Telemark	289 815	289 815
Endringsprosessar og interkommunalt samarbeid	87 227	87 227
Rådmennenes disposisjon	92 488	92 488
Velferdsteknologi	190 331	0
Inn i Arbeid	200 000	0
Klimaplan	380 000	0
Disposisjonsfond	3 406 000	1 721 000
<b>Totalt fond</b>	<b>8 134 606</b>	<b>5 679 275</b>

**Framlegg til vedtak:** *Vest-Telemarkrådet rår Vest-Telemarktinget til å godkjenne det framlagte forslaget til budsjett 2025.*

Konto	Tekst	Regnskap	Oppr.bud	Rev.bud	Budsjett
		Pr. okt. 2024	2024	2024	2025
<b>1100</b>	<b>ADMINISTRASJON VTR</b>				
301000	Fastlønn	1 308 881,87	2 000 000,00	2 000 000,00	1 800 000,00
305000	Annen lønn og trekkpliktige godtgjørelser	5 362,34	50 000,00	50 000,00	0,00
305050	Overskudd på godtgjørelse	4 496,30	0,00	0,00	5 000,00
308000	Godtgjørelse folkevalgte	0,00	60 000,00	60 000,00	60 000,00
309000	Pensjonsinnskudd KLP	186 086,02	400 000,00	400 000,00	350 000,00
309020	Kollektiv ulykkes- og gruppelivforsikring	1 320,86	4 000,00	4 000,00	5 000,00
309900	Arbeidsgiveravgift	160 279,17	266 000,00	266 000,00	250 000,00
	<i>Lønsutgifter</i>	<i>1 666 426,56</i>	<i>2 780 000,00</i>	<i>2 780 000,00</i>	<i>2 470 000,00</i>
310000	Kontormateriell	18 260,30	20 000,00	20 000,00	20 000,00
310020	Abonnement aviser og fagtidsskrifter	518,00	0,00	0,00	10 000,00
311500	Matvarer	96 941,70	500 000,00	500 000,00	100 000,00
311510	Bevernting og representasjon	87 470,60	0,00	0,00	200 000,00
312000	Samlepost for annet forbruksmaterieill, varer og tjenester	0,00	30 000,00	30 000,00	0,00
312020	Velferdstiltak og gaver til ansatte, ikke oppgpl	2 037,50	0,00	0,00	10 000,00
313000	Post, banktjenester, telefon, internett, bredbånd	281,29	13 000,00	13 000,00	10 000,00
314000	Annonse, reklame, informasjon	70 621,85	100 000,00	100 000,00	200 000,00
315000	Opplæring og kurs	35,20	200 000,00	200 000,00	50 000,00
315010	Oppholdsutgifter kurs	196 716,00	0,00	0,00	200 000,00
316000	Utgifter og godtgjørelser for reiser, diett, bil m.v. som er opplysningspliktige	10 762,13	110 000,00	110 000,00	100 000,00
316010	Diettgodtgjørelse, oppgavepliktige	4 703,20	0,00	0,00	20 000,00
317000	Transport og reise	2 790,00	40 000,00	40 000,00	10 000,00
317030	Reiseutgifter, ikke oppgavepliktig	2 550,05	0,00	0,00	5 000,00
318500	Forsikringer, vakthold og sikring	0,00	12 000,00	12 000,00	0,00
319000	Leie av lokaler og grunn	82 493,80	150 000,00	150 000,00	150 000,00
319500	Avgifter, gebyrer, lisenser o.l.	208 820,32	300 000,00	300 000,00	300 000,00
320000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	1 832,92	60 000,00	60 000,00	10 000,00
320010	IT-Utstyr	43 979,75	0,00	0,00	50 000,00
324000	Driftsavtaler, reparasjoner og vaktmestertjenester	0,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
327000	Andre tjenester	226 262,21	300 000,00	300 000,00	300 000,00
335000	Kjøp fra kommuner	0,00	100 000,00	100 000,00	70 000,00
337000	Kjøp fra andre	49 500,00	50 000,00	50 000,00	50 000,00
338000	Kjøp fra andre regnskapsenheter som inngår i KOSTRA konsern	0,00	60 000,00	60 000,00	0,00
342900	Merverdiavgift som gir rett til merverdiavgiftskompensasjon	172 073,41	200 000,00	200 000,00	200 000,00
347020	Øreavrundning og betalingsdifferanse	-0,01	0,00	0,00	
	<i>Andre driftsutgifter</i>	<i>1 278 650,22</i>	<i>2 255 000,00</i>	<i>2 255 000,00</i>	<i>2 075 000,00</i>
372900	Kompensasjon for merverdiavgift	-172 073,41	-200 000,00	-200 000,00	-200 000,00
373000	Refusjon fra fylkeskommuner	-2 741 857,00	-2 741 857,00	-2 741 857,00	-2 825 000,00
375000	Refusjon fra kommuner	-2 741 856,00	-2 741 857,00	-2 741 857,00	-2 825 000,00
390000	Renteinntekter	0,00	-230 000,00	-230 000,00	-230 000,00
390500	Utbytte og eieruttak	-7 256,00	0,00	0,00	
	<i>Inntekter</i>	<i>-5 663 042,41</i>	<i>-5 913 714,00</i>	<i>-5 913 714,00</i>	<i>-6 080 000,00</i>
<b>1101</b>	<b>DIGITALISERING OG VELFERDSTEKNOLOGI</b>				
301000	Fastlønn	590 333,42	900 000,00	900 000,00	850 000,00
305000	Annen lønn og trekkpliktige godtgjørelser	1 140,16	0,00	0,00	
305050	Overskudd på godtgjørelse	1 213,10	0,00	0,00	
309000	Pensjonsinnskudd KLP	83 418,01	200 000,00	200 000,00	130 000,00
309020	Kollektiv ulykkes- og gruppelivforsikring	660,43	0,00	0,00	
309900	Arbeidsgiveravgift	72 023,63	100 000,00	100 000,00	100 000,00
	<i>Lønsutgifter</i>	<i>748 788,75</i>	<i>1 200 000,00</i>	<i>1 200 000,00</i>	<i>1 080 000,00</i>
310000	Kontormateriell	2 451,60	5 000,00	5 000,00	5 000,00
311500	Matvarer	0,00	40 000,00	40 000,00	20 000,00
312000	Samlepost for annet forbruksmaterieill, varer og tjenester	0,00	5 000,00	5 000,00	0,00
313000	Post, banktjenester, telefon, internett, bredbånd	1 684,73	5 000,00	5 000,00	5 000,00
314000	Annonse, reklame, informasjon	0,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
315000	Opplæring og kurs	14 143,00	20 000,00	20 000,00	20 000,00
316000	Utgifter og godtgjørelser for reiser, diett, bil m.v. som er opplysningspliktige	6 409,12	50 000,00	50 000,00	20 000,00
316010	Diettgodtgjørelse, oppgavepliktige	1 107,00	0,00	0,00	
317000	Transport og reise	0,00	3 000,00	3 000,00	0,00
319000	Leie av lokaler og grunn	38 257,20	70 000,00	70 000,00	70 000,00
319500	Avgifter, gebyrer, lisenser o.l.	15 314,08	15 000,00	15 000,00	15 000,00
320000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	2 078,08	400 000,00	400 000,00	0,00
337000	Kjøp fra andre	0,00	10 000,00	10 000,00	0,00
342900	Merverdiavgift som gir rett til merverdiavgiftskompensasjon	11 811,33	120 000,00	120 000,00	20 000,00
	<i>Andre driftsutgifter</i>	<i>93 256,14</i>	<i>753 000,00</i>	<i>753 000,00</i>	<i>185 000,00</i>
372900	Kompensasjon for merverdiavgift	-11 811,33	-120 000,00	-120 000,00	-20 000,00
394000	Bruk av disposisjonsfond	0,00	-1 404 286,00	-1 404 286,00	-550 000,00
395000	Bruk av bundne driftsfond	0,00	-400 000,00	-400 000,00	
	<i>Inntekter</i>	<i>-11 811,33</i>	<i>-1 924 286,00</i>	<i>-1 924 286,00</i>	<i>-570 000,00</i>
<b>1108</b>	<b>VEST-TELEMARK KONFERANSEN OG YRKESMESSA PÅ DALEN</b>				
311500	Matvarer	80 117,64	0,00	0,00	
312000	Samlepost for annet forbruksmaterieill, varer og tjenester	0,00	230 000,00	230 000,00	320 000,00
313000	Post, banktjenester, telefon, internett, bredbånd	436,00	0,00	0,00	
314000	Annonse, reklame, informasjon	34 050,00	0,00	0,00	
315000	Opplæring og kurs	58 414,80	0,00	0,00	
319500	Avgifter, gebyrer, lisenser o.l.	3 116,00	0,00	0,00	
327000	Andre tjenester	50 000,00	0,00	0,00	
342900	Merverdiavgift som gir rett til merverdiavgiftskompensasjon	18 360,56	0,00	0,00	20 000,00
343000	Overføring til fylkeskommuner	50 000,00	50 000,00	50 000,00	50 000,00
	<i>Andre driftsutgifter</i>	<i>294 495,00</i>	<i>280 000,00</i>	<i>280 000,00</i>	<i>390 000,00</i>
362900	Billettinntekter	-120 190,00	-80 000,00	-80 000,00	-120 000,00
372900	Kompensasjon for merverdiavgift	-18 360,56	0,00	0,00	-20 000,00
	<i>Inntekter</i>	<i>-138 550,56</i>	<i>-80 000,00</i>	<i>-80 000,00</i>	<i>-140 000,00</i>

Konto	Tekst	Regnskap	Oppr.bud	Rev.bud	Budsjett
		Pr. okt. 2024	2024	2024	2025
<b>1111</b>	<b>TIL RÅDMENNENS DISPOSISJON</b>				
311500	Matvarer	6 034,00	30 000,00	30 000,00	20 000,00
311510	Bevertning og representasjon	3 081,40	0,00	0,00	10 000,00
313000	Post, banktjenester, telefon, internett, bredbånd	76,00	0,00	0,00	0,00
314000	Annonse, reklame, informasjon	0,00	15 000,00	15 000,00	15 000,00
314020	Representasjon	4 714,00	0,00	0,00	0,00
315000	Opplæring og kurs	26 900,00	15 000,00	15 000,00	30 000,00
315010	Oppholdsutgifter kurs	18 158,00	0,00	0,00	20 000,00
319000	Leie av lokaler og grunn	616,00	0,00	0,00	5 000,00
327000	Andre tjenester	0,00	40 000,00	40 000,00	0,00
342900	Merverdiavgift som gir rett til merverdiavgiftskompensasjon	173,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
	<i>Andre driftsutgifter</i>	<i>59 752,40</i>	<i>110 000,00</i>	<i>110 000,00</i>	<i>110 000,00</i>
372900	Kompensasjon for merverdiavgift	-173,00	-10 000,00	-10 000,00	-10 000,00
	<i>Inntekter</i>	<i>-173,00</i>	<i>-10 000,00</i>	<i>-10 000,00</i>	<i>-10 000,00</i>
<b>1112</b>	<b>ETABLERARKONTORET I TELEMAR</b>				
327000	Andre tjenester	172 950,00	0,00	0,00	0,00
337000	Kjøp fra andre	150 000,00	390 000,00	390 000,00	390 000,00
342900	Merverdiavgift som gir rett til merverdiavgiftskompensasjon	80 737,50	95 000,00	95 000,00	95 000,00
	<i>Andre driftsutgifter</i>	<i>403 687,50</i>	<i>485 000,00</i>	<i>485 000,00</i>	<i>485 000,00</i>
372900	Kompensasjon for merverdiavgift	-80 737,50	-95 000,00	-95 000,00	-95 000,00
	<i>Inntekter</i>	<i>-80 737,50</i>	<i>-95 000,00</i>	<i>-95 000,00</i>	<i>-95 000,00</i>
<b>1128</b>	<b>FELLESTILTAK I NÆRINGSKOLLEGIET</b>				
311500	Matvarer	10 378,02	40 000,00	40 000,00	20 000,00
311510	Bevertning og representasjon	18 120,00	0,00	0,00	20 000,00
314000	Annonse, reklame, informasjon	472,00	40 000,00	40 000,00	40 000,00
315000	Opplæring og kurs	15 562,50	20 000,00	20 000,00	20 000,00
315010	Oppholdsutgifter kurs	46 919,00	0,00	0,00	0,00
342900	Merverdiavgift som gir rett til merverdiavgiftskompensasjon	6 516,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
	<i>Andre driftsutgifter</i>	<i>97 967,52</i>	<i>110 000,00</i>	<i>110 000,00</i>	<i>110 000,00</i>
372900	Kompensasjon for merverdiavgift	-6 516,00	-10 000,00	-10 000,00	-10 000,00
	<i>Inntekter</i>	<i>-6 516,00</i>	<i>-10 000,00</i>	<i>-10 000,00</i>	<i>-10 000,00</i>
<b>1136</b>	<b>FELLES KLIMAPLAN I VEST TELEMAR</b>				
311500	Matvarer	1 134,80	50 000,00	50 000,00	20 000,00
311510	Bevertning og representasjon	1 585,49	0,00	0,00	20 000,00
313000	Post, banktjenester, telefon, internett, bredbånd	552,64	0,00	0,00	0,00
315000	Opplæring og kurs	0,00	60 000,00	60 000,00	30 000,00
316000	Utgifter og godtgjørelser for reiser, diett, bil m.v. som er opplysningspliktige	0,00	30 000,00	30 000,00	30 000,00
327000	Andre tjenester	261 600,00	700 000,00	700 000,00	200 000,00
335000	Kjøp fra kommuner	0,00	100 000,00	100 000,00	80 000,00
342900	Merverdiavgift som gir rett til merverdiavgiftskompensasjon	65 538,16	220 000,00	220 000,00	60 000,00
	<i>Andre driftsutgifter</i>	<i>330 411,09</i>	<i>1 160 000,00</i>	<i>1 160 000,00</i>	<i>440 000,00</i>
372900	Kompensasjon for merverdiavgift	-65 538,16	-220 000,00	-220 000,00	-60 000,00
395000	Bruk av bundne driftsfond	0,00	-880 000,00	-880 000,00	-380 000,00
	<i>Inntekter</i>	<i>-65 538,16</i>	<i>-1 100 000,00</i>	<i>-1 100 000,00</i>	<i>-440 000,00</i>
<b>1138</b>	<b>AKTIVITETSTILBUD VELFERDSTEKNOLOGI</b>				
337000	Kjøp fra andre	0,00	80 000,00	80 000,00	0,00
	<i>Andre driftsutgifter</i>	<i>0,00</i>	<i>80 000,00</i>	<i>80 000,00</i>	<i>0,00</i>
395000	Bruk av bundne driftsfond	0,00	-80 000,00	-80 000,00	0,00
	<i>Inntekter</i>	<i>0,00</i>	<i>-80 000,00</i>	<i>-80 000,00</i>	<i>0,00</i>
<b>1139</b>	<b>BEREKRAFTIG REISEMÅL 2022</b>				
311500	Matvarer	0,00	0,00	0,00	0,00
319000	Leie av lokaler og grunn	33 144,00	35 000,00	35 000,00	0,00
337000	Kjøp fra andre	0,00	270 000,00	270 000,00	0,00
342900	Merverdiavgift som gir rett til merverdiavgiftskompensasjon	8 286,00	75 000,00	75 000,00	0,00
	<i>Andre driftsutgifter</i>	<i>41 430,00</i>	<i>380 000,00</i>	<i>380 000,00</i>	<i>0,00</i>
372900	Kompensasjon for merverdiavgift	-8 286,00	-75 000,00	-75 000,00	0,00
394000	Bruk av disposisjonsfond	0,00	-305 000,00	-305 000,00	0,00
	<i>Inntekter</i>	<i>-8 286,00</i>	<i>-380 000,00</i>	<i>-380 000,00</i>	<i>0,00</i>
<b>1140</b>	<b>FELLES REISELIVSSTRATEGI TILTAK FASE 3</b>				
311500	Matvarer	0,00	50 000,00	50 000,00	20 000,00
311510	Bevertning og representasjon	700,00	0,00	0,00	50 000,00
314000	Annonse, reklame, informasjon	0,00	20 000,00	20 000,00	10 000,00
315000	Opplæring og kurs	0,00	100 000,00	100 000,00	60 000,00
316000	Utgifter og godtgjørelser for reiser, diett, bil m.v. som er opplysningspliktige	0,00	15 000,00	15 000,00	40 000,00
327000	Andre tjenester	0,00	100 000,00	100 000,00	225 000,00
342900	Merverdiavgift som gir rett til merverdiavgiftskompensasjon	0,00	60 000,00	60 000,00	60 000,00
	<i>Andre driftsutgifter</i>	<i>700,00</i>	<i>345 000,00</i>	<i>345 000,00</i>	<i>465 000,00</i>
372900	Kompensasjon for merverdiavgift	0,00	-60 000,00	-60 000,00	-60 000,00
394000	Bruk av disposisjonsfond	0,00	-285 000,00	-285 000,00	-405 000,00
	<i>Inntekter</i>	<i>0,00</i>	<i>-345 000,00</i>	<i>-345 000,00</i>	<i>-465 000,00</i>
<b>1141</b>	<b>INN I ARBEID</b>				
327000	Andre tjenester	0,00	200 000,00	200 000,00	200 000,00
342900	Merverdiavgift som gir rett til merverdiavgiftskompensasjon	0,00	50 000,00	50 000,00	50 000,00
	<i>Andre driftsutgifter</i>	<i>0,00</i>	<i>250 000,00</i>	<i>250 000,00</i>	<i>250 000,00</i>
372900	Kompensasjon for merverdiavgift	0,00	-50 000,00	-50 000,00	-50 000,00
395000	Bruk av bundne driftsfond	0,00	-200 000,00	-200 000,00	-200 000,00
	<i>Inntekter</i>	<i>0,00</i>	<i>-250 000,00</i>	<i>-250 000,00</i>	<i>-250 000,00</i>

Konto	Tekst	Regnskap	Oppr.bud	Rev.bud	Budsjett
		Pr. okt. 2024	2024	2024	2025
<b>1142</b>	<b>GOD AGRONOMI I DET GRØNE SKIFTET</b>				
301000	Fastlønn				500 000
305000	Annen lønn og trekkpliktige godtgjørelser				
309000	Pensjonsinnskudd KLP				70 000
309020	Kollektiv ulykkes- og gruppelevforsikring				
309900	Arbeidsgiveravgift				60 000
	<i>Lønsutgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>630 000</i>
311500	Matvarer	-2 427,20	50 000,00	50 000,00	40 000
314000	Annonse, reklame, informasjon	0,00	20 000,00	20 000,00	40 000
317000	Transport og reise	0,00	25 000,00	25 000,00	50 000
319000	Husleige				70 000
327000	Andre tjenester	13 200,00	50 000,00	50 000,00	20 000
342900	Merverdiavgift som gir rett til merverdiavgiftskompensasjon	2 693,20	20 000,00	20 000,00	20 000
	<i>Andre driftsutgifter</i>	<i>13 466,00</i>	<i>165 000,00</i>	<i>165 000,00</i>	<i>240 000,00</i>
370000	Refusjon fra staten	-100 000,00	-45 000,00	-45 000,00	-650 000,00
372900	Kompensasjon for merverdiavgift	-2 693,20	-20 000,00	-20 000,00	-20 000,00
373000	Refusjon fra fylkeskommuner	0,00	-100 000,00	-100 000,00	-200 000,00
	<i>Inntekter</i>	<i>-102 693,20</i>	<i>-165 000,00</i>	<i>-165 000,00</i>	<i>-870 000,00</i>
<b>1143</b>	<b>SMÅBRUKS- OG BEREKRAFTSPROSJEKT</b>				
301000	Fastlønn	176 520,42	500 000,00	500 000,00	850 000,00
305050	Overskudd på godtgjørelse	243,60	0,00	0,00	
309000	Pensjonsinnskudd KLP	22 065,06	140 000,00	140 000,00	200 000,00
309900	Arbeidsgiveravgift	21 192,29	100 000,00	100 000,00	100 000,00
	<i>Lønsutgifter</i>	<i>220 021,37</i>	<i>740 000,00</i>	<i>740 000,00</i>	<i>1 150 000,00</i>
310000	Kontormateriell	0,00	3 000,00	3 000,00	3 000,00
311500	Matvarer	0,00	20 000,00	20 000,00	20 000,00
312000	Samlepost for annet forbruksmaterieell, varer og tjenester	358,40	5 000,00	5 000,00	5 000,00
313000	Post, banktjenester, telefon, internett, bredbånd	591,54	5 000,00	5 000,00	5 000,00
314000	Annonse, reklame, informasjon	0,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
315000	Opplæring og kurs	0,00	20 000,00	20 000,00	20 000,00
316000	Utgifter og godtgjørelser for reiser, diett, bil m.v. som er opplysningspliktige	609,00	20 000,00	20 000,00	20 000,00
317000	Transport og reise	0,00	3 000,00	3 000,00	2 000,00
319000	Leie av lokaler og grunn	6 944,80	30 000,00	30 000,00	70 000,00
319500	Avgifter, gebyrer, lisenser o.l.	2 595,00	0,00	0,00	5 000,00
320000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	0,00	30 000,00	30 000,00	10 000,00
320010	IT-Utstyr	21 805,40	0,00	0,00	10 000,00
342900	Merverdiavgift som gir rett til merverdiavgiftskompensasjon	7 335,44	125 000,00	125 000,00	30 000,00
	<i>Andre driftsutgifter</i>	<i>40 239,58</i>	<i>271 000,00</i>	<i>271 000,00</i>	<i>210 000,00</i>
370000	Refusjon fra staten	-100 000,00	-500 000,00	-500 000,00	-600 000,00
372900	Kompensasjon for merverdiavgift	-7 335,44	-125 000,00	-125 000,00	-30 000,00
394000	Bruk av disposisjonsfond	0,00	-386 000,00	-386 000,00	-730 000,00
	<i>Inntekter</i>	<i>-107 335,44</i>	<i>-1 011 000,00</i>	<i>-1 011 000,00</i>	<i>-1 360 000,00</i>
<b>1144</b>	<b>BYGDEVEKSTAVTALE</b>				
311500	Matvarer	1 792,90	0,00	0,00	0,00
311510	Beverting og representasjon	8 445,60	0,00	0,00	0,00
315000	Opplæring og kurs	23 460,00	0,00	0,00	0,00
317000	Transport og reise	882,00	0,00	0,00	0,00
327000	Andre tjenester	136 200,00	0,00	0,00	0,00
342900	Merverdiavgift som gir rett til merverdiavgiftskompensasjon	34 270,50	0,00	0,00	0,00
	<i>Andre driftsutgifter</i>	<i>205 051,00</i>	<i>0,00</i>	<i>0,00</i>	<i>0,00</i>
372900	Kompensasjon for merverdiavgift	-34 270,50	0,00	0,00	0,00
	<i>Inntekter</i>	<i>-34 270,50</i>	<i>0,00</i>	<i>0,00</i>	<i>0,00</i>
	SUM	-724 610,97	0,00	0,00	0,00

**Sak 46/24 Framlegg til møtekalender 2025**

Administrasjonen legg med dette fram forslag til møtekalender 2025 for Vest-Telemarkrådet.

I forslaget vidarefører vi innretninga frå tidlegare år med tysdag som møtedag, og same tal på møte per år. Det blir foreslått 2 møte i Vest-Telemarktinget. Dette er i tråd med samarbeidsavtala som kommunane har inngått om Vest-Telemark interkommunalt politisk råd.

Tingmøtet er lagt opp til å vera ei lunsj-til-lunsjsamling før påske.

Dag	Dato	Møte	Stad
Tysdag	20. januar	Arbeidsutvalet	
Tysdag	4. februar	Rådsmøte	Fyresdal
Torsdag	6. februar	Vest-Telemarkkonferansen	Quality Straand Hotel
Tysdag	4. mars	Arbeidsutvalet	
Tysdag	18. mars	Rådsmøte	Seljord
Tysdag-onsdag	8. - 9. april	Møte i tinget	Kviteseid
Påske: onsdag 16. april – måndag 21 april			
Tysdag	6. mai	Arbeidsutvalet	
Tysdag	20. mai	Rådsmøte	Nissedal/Oslo
Tysdag	12. august	Arbeidsutvalet	
Tysdag	26. august	Rådsmøte	Tokke
Tysdag	30. september	Arbeidsutvalet	
Tysdag	14. oktober	Rådsmøte	Vinje
Tysdag	28. oktober	Arbeidsutvalet	
Tysdag	11. november	Rådsmøte	Nissedal/Oslo
Tysdag	9. desember	Møte i tinget	Teams

**Framlegg til vedtak:** Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til møtekalender for 2025

**Sak 47/2024**                      **Drøfting høyringsuttale til Lovfesting av tingrettane og deira faste rettsstader.**

Regjeringa har den 21. oktober sendt ut sak på høyring knytt til at endringar i framtidig domstolstruktur som må forankrast i Stortinget.

Slik det er i dag kan dette gjerast av Regjeringa.

Det er framlegg til ny § 24 siste ledd i domstollova der det heiter:

«Tingrettens rettskretser bestemmes av Kongen. Endringer i rettskretsene skal forelegges Stortinget.»

Slik sikring av rettsstadene bør og skje for jordskifterettane. I dag har Telemark jordskifterett rettsstad i Kviteseid og Skien. Med dagens ordning kan ei regjering i framtida legge ned ein rettsstad, utan å gå vegen om Stortinget.

Ei uttale frå Vest-Telemarkrådet bør difor bli lagt fram for Vest-Telemarktinget 10. desember der Vest-Telemark interkommunalt politisk råd oppmodar Regjeringa til å sikre jordskifterettane sine rettsstader på same måte som tingrettane.

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringen-foreslar-at-fremtidige-endringer-i-domstolstrukturen-ma-forankres-i-stortinget/id3062057/>

Høyringsfrist er 10. januar 2025.

Viser til Vest-Telemarkrådet sin strategi med handlingsprogram der det står:

*Sikre at jordskifteretten og tingretten framleis er lokalisert i Kviteseid.*

***Framlegg til vedtak: Høyringsuttale til Lovfesting av tingrettane og deira faste rettsstader vert lagt fram for Vest-Telemarktinget 10. desember 2024***

**Sak 48/2024 Framlegg til sakliste for møtet i Vest-Telemarktinget 10. desember 2024  
kl. 10.00 - 11.00 på teams**

**Sakliste**

- |             |  |
|-------------|--|
| Sak 8/2024  | Opprop   |
| Sak 9/2024  | Godkjenning av innkalling og sakliste                                  |
| Sak 10/2024 | Framlegg til budsjett 2025 for Vest-Telemarkrådet                      |
| Sak 11/2024 | Høringsuttale til Lovfesting av tingrettane og deira faste rettsstader |

***Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til sakliste for Vest-Telemarktinget 10. desember 2024***



## **Sak 49/2024      Førebuing møte med benken kl. 16.00-18.00**

Vest-Telemarkrådet drøfta tema og opplegg for møtet med benken i rådsmøtet 15. oktober 2024. Forslag i møtet var at dei foreslåtte tema statsbudsjett, flykningesituasjonen, beredsskap natur- og flaumskader vert lagt inn i presentasjonen til den enkelte kommune, etterfølgt av felles drøfting.

Vedtak i rådet av 15. oktober:

*I møtet med telemarksbenken 12. november2024 vert saklista slik:*

*1)Utfordringar i den enkelte kommune i Vest-Telemark ved ordførarane.*

*Statsbudsjett, flykningesituasjonen, beredsskap natur- og flaumskader vert lagt inn i presentasjonen til den enkelte kommune.*

*2) Vest-Telemarkrådet ber om status på saker frå møtet 28. mai 2024*

*3) Felles drøfting av statsbudsjett, flykningesituasjonen, beredsskap natur- og flaumskader.*

**Vest-Telemarkrådet ber om status på følgjande:**

- **Barnevernsreformen.** Innretninga på barnevernsreformen er feil og tilbakemeldinga frå benken i møtet var at dette må bli endra då reformen slår skeivt ut for dei små kommunane.
- **Ressurskrevjande brukarar** er krevjande for kommunane. Ei tilskotsordning vart nemnd som ei mogleg løysing.
  - Er det kome endringar i regelverket?
  - Korleis slår dette ut?
  - Korleis er denne tenkt?
  - Kva er dei store endringane?
- **Fylkesvegar** – rådet oppmoda om å styrke desse i staden for å starte nye prosjekt. Telemark består nesten bare av fylkesvegar. Påminning - veldig prioritert område.